



Lindås ungdomsskule  
5955 LINDÅS  
Tlf. 56375054  
lindas.ungdomsskule  
@lindas.kommune.no

## **REFERAT FRÅ MØTE I FAU 06.03.2019**

Dei som møtte: Siri Øksnes, klasse 8a, Erlend Vaktskjold og Ida Marie Nordahl, klasse 8b, Tore Gjerstad, klasse 9a, Marit Sæbø, klasse 9b, Hege Rikstad, klasse 10a og Solveig Holsen, klasse 10b, Henriette Rolland, rektor.

### **Sak 25 – 18/19      Godkjenning av innkalling og referat**

Referat frå forrige møte, og saksliste til møtet, vart godkjende. Det vart gjort merksam på at referata frå FAU vert sendt ut til alle føresette gjennom Visma etter at referat av praktiske grunnar ikkje lenger kan leggjast ut på heimesida til kommunen/skulen.

### **Sak 26 – 18/19      Tilbakemelding frå Barnedisco 08.02.19**

Denne vart gjennomført på ein god måte med super innsats frå elevar frå 8. klasse. Dei vaksne som var med og passa på, behøvde ikkje gjere mykje, men så klart viktig at dei var med når vi tok om lag 90 born frå 1.-4. klasse. Arrangementet gav eit overskot på 9930,-. Takk til alle som var med!

Neste barnedisco vert 5. april. Denne gongen er det 10. klasse som skal arrangere.

### **Sak 27 – 18/19      Planar for vårhalvåret – oppretting av arbeidsgrupper**

Kort gjennomgang av arbeidsoppgåver / arrangement utover våren

- 8. klasse skal vere med å arrangere 17. mai. Føresette til 4 elevar er med i 17. mai komiteen som er kommen i gang med møter/planlegging.
- 9. klasse skal arrangere avslutningsfest for 10. klasse. Det bør setjast ned ei arbeidsgruppe for planlegging av dette.
- 10. klasse: foreldre vart oppfordra til å lage til eit arrangement/opplegg for 10. klasse-elevane 16. mai

## **Sak 29 – 18/19    Økonomi**

Kontantbeholdning er pr. i dag 73.073,- etter at inntekter frå siste barnedisco er tatt med. Dette er eit godt utgangspunkt.

Vedtak: FAU overfører siste rest, 20.000,-, for busstransport til leirskulen 10.klasse var på i august 2018.

## **Sak 28 – 18/19    Fokus på det sosiale ved skulen**

Denne saka vart sett i samanheng med opplysingar frå skulen gjeve i forkant (Visma melding til alle føresette) og i møtet (sjå sak 30), om rusmisbruk. Problemet og tiltak vart drøfta. Vi enda opp med eit vedtak om å starte opp med natte-ravnar på Lindås senter. Dette vert i FAU sin regi, dvs. alle foreldre og føresette som har elevar på ungdomskulen. Vi tek utgangspunkt i fire (evt. seks) personar som går to og to, fredag og laurdag kveld. Det vil bli sett opp og sendt ut lister med eleven sitt namn. Føresette til eleven får ansvaret for å stille, eller skaffe erstatning, t.d. ved å bytte innbyrdes. Det vert orientering om dette i samband med temakvelden til politiet 20. mars.

FAU vil oppfordre alle foreldre og føresette til å vere bevisst på, og opptatt av, kva ungdomane gjer på, og bry seg om korleis dei har det. Dette ansvaret gjeld ikkje berre overfor ditt eige barn, men overfor alle.

Utover dette vil FAU oppfordre kven som helst til å ta initiativ til små og store tiltak som vere med å styrke det sosiale miljøet på og utanfor skulen.

Dette er først og fremst oss føresette sitt ansvar!

## **Sak 30 – 18/19    Tilbakemeldingar frå skulen**

- Det er avdekka rusmisbruk i eit urovekkande stort omfang, der elevar på alle klassetrinn på ungdomskulen er involvert. Det er her snakk om bruk av alkohol og hasj. Det er også konkret mistanke om elevar på ungdomsskulen deltek i sal av narkotiske stoff. Politiet er involvert saman med føresette til dei elevane det er snakk om.
- Skidag vert tysdag eller torsdag i veke 12 dersom ver og føre tillet det.
- Alternativt opplegg for Operasjon Dagsverk vert halde 25. april. Inntekta går til kreftsaka.
- Politiet kjem 20. mars til skulen med undervisningsopplegget *Delbart?* Om kvelden vert det temakveld for føresette, i gymsalen kl 18:30-20. Vi oppfordrar ALLE til å komme
- Symjeopplæring: Alle elevane får tilbod om ein dag i basseng. Dei

- som ikkje kan symje vil evt. få tilbod om meir opplæring
- Utdanningsval: det vert halde kurs for føresette til 9.klasse 26. mars.
  - Tentamen 10. klasse vert 01.04 (norsk hovudmål), 03.04 (engelsk), 05.04 (matematikk) og 09.04 (norsk sidemål). Munnleg eksamen vert 05.06
  - Fotballaget Brann kjem på besøk 06.06, dette er i regi av *Mot*

## **Sak 29 – 18/19      Eventuelt**

Sosiale utfordringar i samband med overgang til ungdomskule vart teke opp, med eit forslag at skulen må legge større vekt på å bygge sosiale relasjonar tidleg i 8. klasse då elevar kjem til Lindås frå fleire skulekrinsar. Skulen har hatt eit slikt fokus, det vart vist til mange gjennomførte tiltak siste år: tur med Oster, Lyngheisenteret, Mot-programmet, foreldre/elevkveld og skuleball. Vi må løfte dette opp att saman med skuleleiinga og foreldre til dei nye 8. klassingane i forkant av skulestart 2019/20.

